

Tips til skriveeksamen i norsk på vidaregåande skule

- Ha med deg alt du treng når du møter – mat, lærebøker, notat, PC. Du får ikkje hente ting du har gløymt, og det er ikkje sikkert du får gå i kantina når det passar deg. Lån andreklasserbok på biblioteket!
- Frisk opp pensum så godt du kan den siste tida. Sjølv om du får bruke hjelpemiddel, resonnerer du mykje kjappare og betre dersom du har stoffet inne. Det er alltid ein eller fleire variantar av tekstanalyse i oppgåvene, så frisk opp analysehandverket særskilt.
- Notér når du les oppgåvene, alt som dukkar opp i hovudet ditt. Dei ideane er uerstatteleg råstoff til skrivinga. Fang dei før dei blir borte.
- Svar på oppgåva! Les oppgåveteksten nøye, mange gonger, gjennom heile prosessen – ikkje minst når du tykkjer du er ferdig og vil levere. Det hjelper ikkje om teksten er god dersom han ikkje er svar på oppgåva. Står det at du skal ta utgangspunkt i tekstvedlegg, så gjer det. Står det at du skal tolke ein tekst, så er det ikkje nok å forklare korleis teksten er bygd opp. Står det at du skal gjera greie for verkemidla forfattaren brukar, så er det ikkje nok å fortelja kva teksten handlar om.
- Skriv den oppgåvetypen du er tryggast på eller har hatt størst suksess med før. I sjangeren kreativ tekst er essay det einaste aktuelle for dei fleste av oss, eventuelt kåseri, som er vanskelegare. Ikkje skriv dikt om du ikkje er fjellsikker på at du er den nye Wergeland.
- Ikkje ta den oppgåva du trur du lettast kan skrive, men den du trur du lettast kan skrive godt. Til dømes er det lett å få til eit greitt nok essay om kroppspress, men å skrive verkeleg perspektivrikt gjer du lettare om til dømes tid (har eg sett hos mine elevar).
- Tenk at teksten du skriv skal publiserast (i avis, blogg e.a.), då blir det lettare å sjå kva som er bra eller kva som passar inn eller ikkje. Dette kan du bestemme deg for å gjera alvor av, så blir det endå meir realistisk.
- Bruk overskrift, det gjer det lettare å bygge opp ein god tekst. Dersom oppgåva formulerer overskrift, så pass på at teksten din stemmer med den. Dersom oppgåva ikkje formulerer overskrift, bør du gjera det. Finn fram til ei som oppsummerer det du har på hjartet og pass så på at overskrift, innleiing, hovuddel og avslutning samsvarar og ikkje spriker i mange retningar. I den prosessen gjeld det å få dei ulike delane til å jenke seg etter kvarandre, og kanskje bør du justere overskrifta (dersom ho ikkje er fastsett i oppgåva).
- Svaret ditt skal bestå av innleiing, hovuddel og avslutning. Men gå rett på sak i innleiinga; ikkje begynn med: «I denne oppgåva skal eg ...». Det er sløsing med plass (altså ekstra viktig å unngå i kortsvar) og går på tomgang, det kjenner du dersom du tenkjer at teksten skal publiserast. Prøv i staden å formulere noko som kan vekke lesaren si interesse. Er det essay du skriv, så skal du opne slik, men det er ein fordel å gjera det også i resonnerande tekst. Eit spørsmål, som du så straks begynner å svara på, kan fungere godt, t.d.: «Kva prøvde Ivar Aasen å oppnå? Skriftene hans fortel ein del om det, og i "Om skriftspråket vårt" seier

han at». Eller ei konstatering aller fyrst: «Henrik Ibsen er Noregs største dramatikar gjennom tidene. Kva er det som særleg særmerker hans skodespel?»

- I resonnerande tekst er det viktig å skilja dine og andres argument og synspunkt. Her er éin måte å bygge opp ein slik tekst på: 1. Presentasjon av temaet. 2. Presentasjon av andres syn og argumenta dei bygger på. 3. Dine tankar om dei syna og argumenta. 4. Dine tankar og synspunkt utanom dette. 5. Oppsummering, samling av trådane. – Du kan godt gjera det på andre måtar, men dette er éin som gjer det lettare å tenkje klårt – og dét er jo flaskehalsen for dei fleste av oss....

- Same kva sjanger du skriv, er det viktigaste av alt at du har eigne tankar om det du skriv om. Du skal vise at du kan bruke og forstå andres tekstar, og i det ligg at du ikkje berre skal gjenta det andre skriv, men òg meine noko om det. Har du heilt eigne, sjølvstendige tankar om temaet, så er det veldig positivt – så lenge dei har med oppgåvetemaet å gjera.

- I kreativ tekst er det alfa og omega at du er personleg og brukar av deg sjølv – ting du du har opplevd, nederlag, fine minne, ting du eller venene dine strevar med, slike ting. Mange endar med noko midt imellom kreativ og resonnerande tekst. Bestem deg for å unngå det, strekk deg i den oppgåveretninga du har valt.

- Står du fast, så begynn med ein annan del av arbeidet – «Gå udenom, Peer!», sa Bøygen. Når du så vender attende til problemet, så har du fått det på avstand og ser det frå ein annan kant, og då er det gjerne lettare. Ikkje sjeldan har problemet løyst seg sjølv i mellomtida. Slik kan livet heldigvis vera.

- Bruk tida. Ikkje levér så snart du har eit utkast, for skriving er ein prosess. Ta ein pause, få deg litt frisk luft. På den måten kan du sleppe fram nye tankar og få utkastet litt på avstand, noko som er ein stor fordel, for vi blir blinde for det vi skriv sjølve. Vi er dårlegare til å sjå kva som bør endrast i noko vi sjølve nettopp har skrive enn i noko andre har skrive eller vi sjølve har skrive for ei tid sidan. Helst bør ein leggja eit utkast til sides minst ei veke for å sjå det med friske auge. På eksamen kan du ikkje det, men ein kort pause hjelper òg, særleg med beinstrekk og frisk luft. Får du lov når du blir lufta, så sprint 50 m, hopp og sprett, veiv med armane.

- Pass på at det formelle er rett. Før opp kjeldene til slutt i teksten din og les korrektur. Set avsnitt på same måte gjennom heile teksten; linjeskift i hytt og pine gjev eit uryddig inntrykk. Brukar du retorisk terminologi (du kan godt la vera, berre du analyserer godt), så gjer det gjennomført. Siterer du, så gjer det ordrett. Unngå ufullstendige setningar og anna SMS-språk.

- Når du tykkjer du er ferdig, så tving deg til å jobbe deg gjennom teksten ein gong til, setning for setning. Prøv å finne betre formuleringar, betre samheng frå den eine setninga til den neste, sjekk om dei ulike avsnitta «spelar kvarandre gode» eller motarbeider kvarandre. Skal ein skrive godt, så hjelper det med medfødd talent, men det viktigaste er vilje til å jobbe med teksten. Heller ikkje Jo Nesbø eller Jon Fosse sender fyrste eller andre utkast til trykking.

- For resten: Skal du skrive på nynorsk, så bruk nokre timar dagen før på dei interaktive øvingane Språkrådet har (<http://elevrom.sprakradet.no/>). Det er få karakterar du kan betre meir lettkjøpt enn det.

Eldar Heide, Olsvikåsen videregående skole, mai 2015